



Retningslinjer for andre tilskotsordningar utanom kulturmidlane

1. Handsaming av søknad

Andre tilskot vert politisk handsama av Formannskapet når dei er over 5.000 kr. Mindre summar vert handsama administrativt.

2. Tilskot kan gjevast til:

- Alle lag og organisasjonar innanfor kultursektoren med verksemd i Fjord kommune.
- Lag og organisasjonar innanfor kultursektoren som bygg på større geografiske områder, føresett at deira verksemd er av vesentleg betydning for kulturlivet/kulturtilbodet i Fjord kommune.

Har ei foreining/organisasjon sjølvstendige under-/særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag. Alle søknader som gjeld undergrupper må koordinerast i ein søknad. Lag og organisasjonar må vere basert på individuelt medlemskap, og i prinsippet vere opne for alle interesserte. Leiinga skal vere valt av medlemmane, og ein skal ha vedtekne vedtekter eller lover.

Alle som får tildelt midlar pliktar å godta ordninga med følgjeteneste. Kjem ein funksjonshemma til eit arrangement med følgje, skal følgje sleppe gratis inn.

3. Andre tilskotsordningar utanom kulturmidlane

3.1. Leiaropplæring

Lag og foreiningar kan søkje om støtte til leiaropplæring innan barne- og ungdomsarbeid. Ingen søknadsfrist.

3.2 Aktivitetstilskot

Ein kan søkje om tilskot til særskilte tiltak (prosjekt). Dette er avgrensa tiltak som er nyskapande og utprøvande. Søknadsfrist: Minst 6 veker før tiltaket skal settast i verk.

3.3 Tilskot til større arrangement

Det blir ikkje gitt tilskot til faste arrangement som blir gjennomført. Støtte kan gjevast til nyskapande arrangement, eller utviding ev eksisterande tilbod. Søknadsfrist: Minst 6 veker før arrangementet.

Ta kontakt med kommunen for meir informasjon.